



Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn søknad om bygging av nytt Utvik kraftverk, Stryn kommune

Vi viser til oversendinga 20.8.2018 som gjeld høyring av søknad om løyve til nytt Utvik kraftverk.

Fylkesmannen meiner det kan gis konsesjon til eit nytt Utvik kraftverk, men at det først bør undersøkast nærare kva tiltak som kan avbøte skaden på sjøaure og eventuell ål i vassdraget.

Eit nytt Utvik kraftverk er planlagt med kraftstasjon lenger nede og på motsett side av elva, og slukeevna skal aukast, samanlikna med anlegget som vart øydelagt av flaum i 2017. Vidare er det planlagt slepp av minstevassføring, noko det ikkje var krav om for det gamle kraftverket. Utbygginga vil bidra til å nå produksjonsmålet for ny grøn energi.

Prosjekt	Inntak (moh.)	Avløp (moh.)	Slukeevne		Produksjon (GWh/år)	Pris (kr/kWh)
			(% av middelvassf.)	Minstevassf. al. lågvassføring		
Utvik kraftverk	280	10	213		18	2,90

Fylkesmannen skal vurdere om tiltak i vassdrag får konsekvensar for allmenne interesser som naturmiljø og friluftsliv. Vidare er vi mynde etter lov om laksefisk og innlandsfisk og etter ureiningslova, og vi har eit sektoransvar innan beredskap og landbruk. Vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Vurdering

Storelva har førekomst av sjøaure, og ifølgje søknaden skal vandringshinderet vere om lag ved den gamle kraftstasjonen på kote 15. I søknaden er det opplyst at det venteleg vil verte eit vandringshinder ved kote 10-12 på grunn av flaumen og rehabiliteringa, og «..vidare planar om å sprengje ut eit massebasseng her». Sikringsplanen som vi har hatt på høyring har ikkje omtalt noko nytt vandringshinder for sjøaure, og det var derimot lagt stor vekt på habitattiltak for fisk innanfor rammene av sikringsføremålet. Det er forbode å stenge heilt for fiskens frie gang utan konsesjon etter vassressurslova, jf. lov om laksefisk og innlandsfisk § 35.

Vi legg dermed til grunn at utbygginga vil påverke ei sjøaureførande strekning opp til om lag kote 15, slik planane ligg føre. Det er mange omsyn å ta når det gjeld plassering av kraftstasjonen, men for sjøaureinteressene vil det vere betre om avløpet vert plassert ved vandringshinderet. Dersom dette ikkje er mogleg på grunn av omsynet til andre viktige interesser, bør det greiast ut korleis skaden på leveområda for sjøaure kan avbøtast. Både storleik på minstevassføringa og eventuelle habitattiltak vil vere relevant å sjå nærare på. For kraftverksavløp ved/nedanfor vandringshinder kan eit konkret avbøtande tiltak vere å etablere eit gyteområde i hølen ved kraftverksavløpet. Det vil vere nødvendig med omløpsventil, for å unngå at utfall i kraftstasjonen tørrlegg elva nedstraums og skadar fisken.

Eventuell førekomst av ål (raudlista, sårbar - VU) er ikkje omtalt i søknaden. Ofte kan det finnast lokal og erfaringsbasert kunnskap om ål, og dette kunne gjerne ha vore sjekka ut. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg fagleg grunnlag som tilseier at elva er ueigna for ål, bør det leggjast til rette for vandring av ål forbi inntaket til kraftverket.

Redusert vassføring etter kraftutbygging vil også påverke andre vasstilknytte artar på utbyggingsstrekninga negativt. Sidan det ikkje var minstevassføringskrav for det gamle kraftverket, vil eit minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring utgjere ei reell forbetring for naturmiljøet på strekninga. Truleg vil dette kompensere for at slukeevna vert auka. Vi minner elles om at hekkedasser nær elva, og i avløpskanalen frå kraftverket, er eit viktig avbøtande tiltak for fossefall.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlisteartar i naturbasen som kan verte påverka, men det er heller ikkje gjennomført noko kartlegging av biologisk mangfald for denne utbygginga. Utifrå at delar av elvestrekninga ser ut til å ha nordvendt kløft med bratte kantar, kan det vere potensial for sjeldne fuktrevjande artar.

Vassdrag er også landskapselement, og inngrep og redusert vassføring etter utvidinga kan påverke landskapsopplevinga. Vi har ikkje opplysningar om viktige friluftssinteresser knytt til strekninga. Det bør sjekkast med Stryn kommune i kva grad lokale friluftssinteresser vil verte påverka.

Vi legg til grunn at det vert stilt krav til god estetisk utforming og best mogleg terrengtilpassing for alle tekniske anlegg. Vidare konstaterer vi at den gamle inntaksdammen skal nyttast, og at fleire større inngrep knytt til det gamle anlegget kan fjernast. Det er også positivt både for naturmiljøet og landskapsopplevinga at røyrgata kan følgje eksisterande vegar, og at kabel i røyrtaséen kan erstatte dagens om lag 600 m luftline.

For røyrgata gjennom innmark er det viktig å skilje matjord frå undergrunnsmassane før gravinga, og sikre at massane vert tilbakeførde på ein forsvarleg måte, utan å øydeleggje eksisterande grøftesystem. Vidare bør det ikkje køyrast unødige tunge anleggsmaskinar på dyrka mark, for å unngå jordpakking og skade på drenering.

Vi legg til grunn at det i behandlinga av konsesjonssøknaden vert lagt vekt på å plassere tekniske installasjonar slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdier.

I saker der det kan vere konflikt mellom kraftverk og drikkevassforsyning, vil vi tilrå at det vert sett krav om tilstrekkeleg dokumentasjon på at utbygginga ikkje vil føre til problem for vassforsyninga, før det vert gjeve konsesjon.

Vi minner om at vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Vi viser til reglane for mellombels anleggsdrift i ureiningslova § 8 når det gjeld tiltak for å hindre ureining frå arbeidet. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve. Fylkesmannen er også generell styresmakt for støyutslepp frå industri med meir, og kan setje nærare krav etter ureiningslova. Søkar må vurdere om det er behov for støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen, jf. T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging».

Konklusjon

Eit nytt Utvik kraftverk vil påverke ei sjøaureførande strekning. Dersom det ikkje er mogleg å etablere kraftstasjonen ved vandringshinderet, bør det utgreiast kva minstevassføring og eventuelt habitattiltak som kan avbøte skaden på leveområda for sjøaure. Det bør også sjekkast om det finst kunnskap om ål i vassdraget, og vurderast om det er behov for avbøtande tiltak. Ut over dette vil foreslått minstevassføring, og krav om god estetikk og landskapstilpassing, i stor grad kunne avbøte ulempa for allmenne interesser.

Med helsing

Eline Orheim
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Stryn kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet